



Magne Heggøy presenterar det nye skiltet somskal setjast opp i Sandavegen.

Det tunge og prestisjefylte amerikanske klatremagasinet Climbing Magazine kjem i neste veke til Uskedalen med eit reportasjeteam for å skriva om og fotografera aktivitet i Ulvanåso. Det vart opplyst under møtet i Uskedal Utvikling i Gammelskulen i kveld, som var ein oppsummering famfor sommarsesongen. Besøket kjem saman med introduksjonen av den nye klatreføraren. Magne Heggøy frå Rabben Feriesenter kunne opplysa at dei kjem til å få eit betydeleg besøk av klatrarar frå Bergen utover sommaren.

Eit tema som vart diskutert var dei nye fiskereglane for elva, som betyr ei relativt drastisk innskrenking og som tek til å gjelda ved sesongstarten 15. juni. Arne Terje Haugland hevda at elveeigarlaget gjer seg sjølv ei bjørneteneste og at innskrenkinga stimulerer til tjuvfiske. Ved å halda elva mest mogeleg ope kontrollerar fiskarane seg sjølve, meinte Haugland.

Magne Huglen var fonøgd med at reglane vart gjort kjende på førehand og ikkje inne i sesongen slik det var i fjor. Thor Inge Døssland stilte seg uforståande til innskrenkinga og den faglege bakgrunn for denne.

Bjørn Olav Tveit orienterte om Festidalen som er i rute og som vert ein brei kulturfestival med spesielt eit spektakulært innslag - konsert på Lågånosa. Campen vil verta utvida og er marknadsført intenst mot Haugalandet. I festivalområdet vert det satsa på lokal mat levert av Friheim og Elin. Thor Inge Døssland karakteriserte den utvida Festidalen som ein fantastisk satsing.

Magne Heggøy beklaga at kommunen ikkje hadde vore raskare med kloakkarbeida på Rabben og Magne Huglen undra på kvifor skilta ved brua til Øyro og Dønhaug er fjerna.

Også denne nettsida vart berørt og det vart igjen understreka at lag og foreningar må bli flinkare til å melda inn endringar - ikkje minst i samband med vala,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen